

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/6724-1

## **Retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesenter i fylket - til høyring i fylkesrådet for eldre**

**Medlemmene i fylkesrådet for eldre kjem med felles uttale i møte 6. september 2016**

### Vedlegg:

Retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesenter i fylket – til offentlig høyring

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Fylkestinget vedtok i sak 66/16 å legge framlegg til nye retningslinjer ut på høyring. Retningslinjene er ein del av ei avgrensa rullering av Fylkesdelplan for arealbruk og skal erstatte gjeldande retningslinjer, kap. 3.2.4. Høyringa opnar for storhandelspark på Brulandsvollene i Førde og regulerer elles handel i sentrum i alle tettstadane i fylket.

Det er ynskjeleg med innspel til alle delar av retningslinjene. Saka vert lagt ut med heimel i Plan- og bygningslova § 8 - 3 fram til 15. september 2016. Dokumenta finn du på [www.sfj.no](http://www.sfj.no) under høyringar her: <http://www.sfj.no/hoeyringar.5760924-351505.html>

I saka ligg det 2 sett retningslinjer:

- Retningslinjer som fylkesutvalet vedtok å legge ut på høyring. Dette framlegget opnar for mellom anna storhandelspark utanfor Førde sentrum (t.d. Brulandsvollene), og var grunnlaget for konsekvensutgreiinga som er utarbeidd som del av saksførebuinga.
- Retningslinjer som fylkesrådmannen rådde til og som er i samsvar med forskrift for lokalisering av kjøpesenter (FOR - 2008 - 06 - 27 - 742). Desse retningslinjene er basert på funna i den regionale handelsanalysen og konklusjonane i konsekvensutgreiinga.

Nye retningslinjer opnar også opp for fleire endringar i storleik på kva som vert tillate bygd i alle sentrumsområda i fylket. Dette bidreg mellom anna til å harmonisere tilhøvet om kva som er mogleg å bygge ut i tettstadane i Nordfjord. Endringane vert føreslegne i tråd med hovudfunna i den regionale handelanalysen og konklusjonane i konsekvensutgreiinga.

Retningslinjene er også oppdatert i høve definisjonar og endringar som bør takast omsyn til sidan gjeldande retningslinjer er datert 18.10.2000.

Frist for innspel og fråsegner er 15. september 2016.